

105941

Arnfinn Moland: MOTSTANDEN I NORGE 1940-45 FØREDRAG PÅ DOMBÅS 18/1-90

*Befegnelsen også
brukt i NB, som mot-
standen til frontlinje.*

I. Innledning

Eg skal på ein skuletimes lengde gjera eit forsøk på å gjennomgå motstanden i Norge under okkupasjonstida 1940-45. Dette skal då helst ikkje vera ein festtale om ein epoke full av seire midt i det nederlaget einkvar okkupasjon er for eit folk. Med tanke på det krevande publikum som dette foredraget rettar seg til, vil eg også fokusera på dei problem, den tvil og den motgang eit folk møter når dei skal leva gjennom ein okkupasjon og att på til gjera forsøk på å føra ein frihetskamp. Samtidig er det ingen grunn til å gjera sigrane, lyspunkt og oppofringa mindre enn det som faktisk var tilfelle. Det er greitt å ha avstand til stoffet, men avstanden må ikkje bli så stor at ein ikkje ser kva stoffet er laga av. Eg vil først kort skissera hovudlinene i utviklinga, deretter ta ein kronologisk gjennomgang av dei viktigaste moment med eit slikt utgangspunkt for auga. Som eit tredje punkt vil eg seia litt om kva motstandskampen ikkje var eller ikkje var meint å vera, og til slutt vil eg prøva å trekkja inn ein del trådar til ein slags konklusjon.

Eg har, utan krav på originalitet,

hevda at ordet "Hjemmefront" er eit av dei mest positivt lada ord i det norske språk. Det er blitt eit nasjonalmonument i seg sjølv. Desto viktigare er det derfor å gå tilbake i historia å sjå korleis situasjonen var i 1940, 41, år for år, med eit kjeldekritisk blikk etter dei metodar som er vanleg i historisk forskning og som vil vera kjent for dei fleste.

Sjølvsagt fanns ikkje honnørordet "hjemmefront" fullt ferdig til bruk i eit okkupert land. Ordet med det innhald vi legg i det var framand og nytt, situasjonen var ny, og tanken på organisert motstand var framand for det store fleirtall. Det ligg eit veldig spenn i utviklinga frå dei spredte, famlande tilløp til motstandsorganisering i dei første månadene etter felttoget i 1940 og fram til eit ferdig utvikla sivil og militært motstandsnett i 1945. Då stod ein trenna og delvis væpna kampstyrke, organisert etter geriljaprinippet, klar til å assistera våre allierte den dagen frigjerings ville vera eit faktum, med eller utan tysk motstand. Det sivile motstandsnett hadde forgreiningar over heile landet og med kontakt inn i alle yrkesgrupper. Ein ikkje-nazistisk sivil

administrasjon stod klar til å overta i ein overgangsfase.

I dette femårsspennet ligg nøling, tvil, feilvurderingar, kommunikasjonsproblem og usemje, men også vilje og ikkje minst evne til å overvinna vanskaner som oppstod underveis, ein vilje og ein evne som i ettertid er eigna til å imponera.

Det okkuperte Norge sette opp ein front mot "den nye tid", ei ny tid som nasjonen fekk servert med større og større innslag av tvang etter kvart. Ein okkupasjon medfører ikkje nødvendigvis ein ideologisk trussel for eit folk, okkupanten kan nøya seg med eit militært og økonomisk utbytte. Eit slikt utbytte fekk Tyskland i fullt mon, men det var ikkje nok for enkelte kretsar innan Førerstaten, og det var slett ikkje nok for Nasjonal Samling. Det låg jo i dette partiets natur og program at spredning av den nasjonalsosialistiske ideologi var eit hovedpunkt.

Ei militær motstandsørsla ville ganske sikkert ha utvikla seg uavhengig av trusselen frå NS, men det var motstanden mot nazifiseringa av det norske samfunn som skapte haldningskampen, som igjen blei bærebjelken for det som vi i ettertid med ein fellesnemnar kallar Hjemmefronten. Utviklinga og framveksten av den militære motstandsørsla skjedde parallelt med haldningskampen og med ein viss kontakt med Hjemmefrontens sivile ledelse,

til Regjeringen i London og til dei allierte. Tilbakeslaga i denne fasen var mange, mistydingane vanskelege å overvinna, og reint sporadisk var ein inne på tanken å gi opp.

Etter at dei store slag om den norske folkesjel var vunne i 1942, startar det vi kan kalla fase to. Eit hovedtema her blei motstanden mot dei fordekte mobiliseringsforsøk med sikte på å bruka norsk ungdom i kamp på Østfronten. I denne fasen kom den sivile og militære del av Hjemmefronten etter kvart fram til same retningslinjer, same strategi og eit nært samarbeid i denne største enkeltaksen. Men synet på kva ein heimfront skulle sysla med, og kva den ikkje skulle sysla med, sprikte voldsomt, og spenningane innad var store.

Etter at kampen mot mobiliseringsforsøka var over, gjekk tyngdepunktet over på den militære sektor, utan at den sivile del dermed blei svekka. I heimfrontens siste fase, frå våren 1944 og fram til frigjeringa, utvida Hjemmestyrkene sitt arbeid og sitt potensiale radikalt. Samtidig trua Hjemmefronten med å spela ut sitt trumfkort, nemleg det sivile samfunns totale lammelse - folkestreiken.

Motstandskampen i korte trekk

Så langt eit første skjematisk overblikk. Vi skal venda tilbake til 1940.

Tre dagar etter Kongens og Regjerings avreise til Storbritannia, kapi-



Slik såg det ut i Elverum etter den tyske bombinga. Det kosta å seia nei til det tyske ultimatum i april dagane 1940.

tolerte Norge. I kapitulasjonsavtalar er det vanleg å bruka den internasjonale standardformulering "zu Land, zu Wasser und in der Luft". Dette betyr kapitulasjon av alle styrkar i vedkommande land, men nettopp fordi dette ikkje var tilfelle i Norge, blei spesialformuleringa "die gesamten Norwegischen Streitkräfte" brukt i avtalen av 10. juni 1940 for Norge. Kapitulasjonen var altså ikkje total. Norge var framleis i krig med Tyskland, og dette var grunnlaget for dei som tidleg sysla med tanken om fortsatt motstand mot okkupasjonsmakta.

Sommaren 1940 var ei traumatisk tid for Norge. Tanken om motstand bak dei tyske linjer var framand. 184 representantar for Oslo og omegns borgarar, for det offentlege, for arbeidslivet, for industri, bank, forsikring, handel, handverk og sjøfart, for Universitetet, kunst- og kulturlivet, for idrett og sport skreiv 15. april under på ein oppmøding til alle lag av folket om å "avholde seg fra enhver sabotasje- eller ødeleggelseshandling av hvad art nevnes kan... Enhver må nu forstå at vi lever i en hærtatt by, hvor krigens lov gjelder". Orda "Ro, orden, disiplin" blei brukt, til